



[PRESSEMELDING]

8. mars 2010

Frå månadskort til PeriodeSkyss

Det skal innførast eit nytt billetteringssystem på alle bussar i Bergen, Os, Fjell, Sund, Øygarden, Askøy, Osterøy i løpet av våren 2010. Det blir sendt ut informasjon til over 250 000 personar i veke 10, medan det praktiske arbeidet med omlegginga starta i byrjinga av mars. April og mai blir overgangsmånader der begge systema vil være i bruk. Det nye billetteringssystemet er alt innført i resten av fylket. Frå juni kan dei reisande nytte Skysskortet i heile Hordaland.

Med innføringa av Skysskortet og nytt billetteringssystem er det slutt for dagens busskort, og både sjåførar og passasjerar må lære seg det nye systemet. Det nye Skysskortet erstattar alle gamle busskort. Frå no av er det PeriodeSkyss og UngdomSkyss som overtek, saman med fleire andre reiseprodukt du kan kjøpe på Skysskortet. Med dette er det innført eit meir moderne system i heile Hordaland. På sikt vil det gje store fordelar for alle reisande i fylket, men innkøyringsperioden vil bli krevjande.

– Vi veit av erfaring at det vil ta tid å få innarbeidd Skysskortet, men vi gjer det vi kan for at innføringa skal innebere så få ulemper som råd for alle dei reisande, seier direktør i Skyss Oddmund Sylta.

Aksepterer kontantar

Frå før er Skysskortet innført i heile Hordaland med unntak av bergensregionen. Erfaringa frå å introdusere kortet i andre område gjer at Skyss kjenner til kvar utfordringane ligg i høve til kundegruppene.

– Vi har mellom anna opplevd at enkelte trur at ein ikkje lenger kan betale kontant for ein bussbillett, og det er viktig for oss å få fram at det ikkje er tilfelle. Du kan framleis bruke kontantar til å betale med på bussen, seier marknadssjef Målfrid Vik Sønstabø.

Det er berekna to månader på at om lag 500 bussar i og omkring Bergen skal få fjerna gamle billettmaskiner og sette inn nye system i staden. Dei nye billettmaskinene kan ikkje lese dei gamle korta – og omvendt. I denne perioden må dei reisande ha med kvittering saman med kortet sitt, slik at dei lett kan dokumentere at dei har betalt for reisa si.

Inga enkel omlegging

Erfaringar frå innføringa av nye billettssystem – både i Hordaland og andre stader – tilseier at overgangen til Skysskortet ikkje vil bli problemfri. Avlæring og opplæring tar alltid tid, og vi er klare over at dette kan skape ein del støy i overgangsperioden.

– Billettsystemet kan ikkje bli betre utan at vi får tilbakemeldingar på det som ikkje fungerer. Vi ber derfor publikum om å vere merksame og gi oss melding dersom det er noko som ikkje er som det skal, seier Sylta.

Det er lagt ut detaljert informasjon om endringane på [skyss.no](https://www.skyss.no).

For ytterlegare informasjon, kontakt:

- Direktør Oddmund Sylta: 932 30 401
- Marknadssjef Målfrid Vik Sønstabø: 916 53 176